



Møteprotokoll for Plan- og kommunalteknisk utval

Møtedato: 22.01.2020
Møtestad: Osterøy rådhus - heradsstyresalen
Møtetid: kl. 13:00 – kl.16:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aksel Mjøs	H	Utvalsleiar
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Kjellaug Hartveit	SP	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Marit Adelsten Jensen	MDG	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: Sektorleiar Samfunnsutvikling, leiar teknisk forvaltning, leiar for planavd. og utvalssekretæren

Sakliste

Saknr	Tittel
001/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/20	Godkjenning av møtebok
003/20	Referatsaker og meldingar
004/20	Delegerte saker
005/20	Byggesak gbnr 154/1 - Olsnes - Søknad om dispensasjon for 4 tiltak
006/20	Byggesak GBNR 110/38 Raknes Nedre - Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak utan ansvarsrett - Riving eksisterande naust- oppføring nytt naust med kai, flytebrygge og støttemur
007/20	Byggesak GBNR 139/1 og 31 Røskeland - Søknad om tillatelse til tiltak - Riving av eksisterende garasje, oppføring av ny garasje, 2 natursteinsmurer
008/20	135/4 - Rundhovde - Klage på avslag om deling av grunneigedom etter jordlova
009/20	146/55 - Reigstad Søndre - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom

Før møtet vart det halde synfaring på sakene 005, 006 og 007/20.

001/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

22.01.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

PL - 001/20 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

002/20: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 11.12.19 vert godkjend.

22.01.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Alf T. Mortensen, FRP, viste til Sak 103/19 Søknad om frådelling gnr. 18/bnr. 3 Myking, og gjorde merksam på at tilleggsframlegget om 10 års forpaktingsavtale vart sett fram av utvalsleiaren. Med denne rettinga vart protokoll frå 11.12.19 godkjend.

PL - 002/20 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 11.12.19 vert godkjend med slik retting som vedteke i møtet.

003/20: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

22.01.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 003/20 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

004/20: Delegerete saker

Rådmannen sitt framlegg:

Melding om delegerete vedtak vert teken til vitande.

22.01.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 004/20 VEDTAK:

Melding om delegerete vedtak vert teken til vitande.

005/20: Byggesak gbnr 154/1 - Olsnes - Søknad om dispensasjon for 4 tiltak

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 til oppføring av uthus(vikinghus), portal og karpedam. på gnr. 154 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Ombygging av driftsbygning på same gbnr til uthus vert ikkje gjeve dispensasjon for, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Dersom utvalet gjev dispensasjon for ombygging må det verte sett som vilkår at tiltaket om ombygging av eldre driftsbygning vert send på høyring til kulturminnemynde med tilgjengelege data for alder før byggesaka vert handsama.

Det vert og sett som vilkår at tiltaket karpedam ver handsama etter byggesaksdelen i plan og

bygningslova.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klart større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

11.12.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

Rådmannen gjorde merksam på sakshandsamingsfristen og bad om vedtak på forlenga frist for gjennomføring av synfaring.

Utvalsleiar gjorde framlegg om nødvendig forlenging av sakshandsamingsfristen for gjennomføring av synfaring: Sakshandsamingsfristen vert forlenga til 31.01.2020. Vedtaket vert gjort i medhald av byggesaksforskrifta § 7-4, bokstav a."

AVRØYSTING

Utsetjingsframlegget	-	samrøystes vedteke.
Forlenging av sakshandsamingsfristen	-	samrøystes vedteke

PL - 104/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring. Av omsyn til gjennomføring av synfaringa vert sakshandsamingsfristen forlenga til 31.01.2020. Vedtaket vert gjort i medhald av byggesaksforskrifta § 7-4, bokstav a."

22.01.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Til møtet vart e-post datert 21.01.20 frå Cardo 8614 as v/Trond Tystad send til utvalsmedlemmene.

Det vart halde synfaring for utvalet før handsaminga i møtet.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg som fellesframlegg frå utvalet: "Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 til oppføring av uthus(vikinghus), portal og karpedam. på gnr. 154 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Utvalet gjev i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon for ombygging av driftsbygning til uthus, og det vert sett som vilkår at tiltaket om ombygging av eldre driftsbygning vert send på

høyring til kulturminnemynde med tilgjengelege data for alder, før byggesaka vert handsama.

Prosjektet vidare må syte for at mur og eventuelle verneverdige bygningsdetaljar skal bevarast i prosjektet. Verneverdige deler skal dokumenterast og integrerast i det nye bygget på ein naturleg måte. Dette gjeldt både innvendige og utvendige detaljar.

Det vert og sett som vilkår at tiltaket karpedam vert handsama etter byggesaksdelen i plan og bygningslova.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Bygget er idag delvis til nedfalls. Det er kledd med trekledning av ulik type, og taket er tekka med bølgeblekk. Utvalet vurderer at å gje dispensasjon vil sikre at eventuelle verneverdige detaljar kan verte bevart for ettertida. Med å implementere desse i eit nytt bygg, vil og verneverdige detaljar komme fram og verte eit positivt innslag saman med det nye bygget.

Utvalet vurderer dette som eit godt tiltak for å sikre vern gjennom bruk.

Dette vil og gjere bygget til eit meir tenleg bygg for drifta på eigedommen idag.

Tiltaket reduserer ikkje dyrka mark på bruket, eller tek potensielt dyrkbar mark eller utmark, då tiltaket vil gå utover allereie kulta areal.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	0 røyster
Fellesframlegget	-	samrøystes (1H,1AP,1SP,1MDG, 1FRP)

PL - 005/20 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 til oppføring av uthus(vikinghus), portal og karpedam. på gnr. 154 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Utvalet gjev i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon for ombygging av driftsbygning til uthus, og det vert sett som vilkår at tiltaket ombygging av eldre driftsbygning vert send på høyring til kulturminnemynde med tilgjengelege data for alder, før byggesaka vert handsama.

Prosjektet vidare må syte for at mur og eventuelle verneverdige bygningsdetaljar skal bevarast i prosjektet. Verneverdige deler skal dokumenterast og integrerast i det nye bygget på ein naturleg måte. Dette gjeldt både innvendige og utvendige detaljar.

Det vert og sett som vilkår at tiltaket karpedam vert handsama etter byggesaksdelen i plan- og bygningslova.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Bygget er idag delvis til nedfalls. Det er kledd med trekledning av ulik type, og taket er tekka med bølgeblekk. Utvalet vurderer at å gje dispensasjon vil sikre at eventuelle verneverdige detaljar kan verte bevart for ettertida. Med å implementere desse i eit nytt bygg, vil og verneverdige detaljar komme fram og verte eit positivt innslag saman med det nye bygget.

Utvalet vurderer dette som eit godt tiltak for å sikre vern gjennom bruk.

Dette vil og gjere bygget til eit meir tenleg bygg for drifta på eigedommen idag.

Tiltaket reduserer ikkje dyrka mark på bruket, eller tek potensielt dyrkbar mark eller utmark, då tiltaket vil gå utover allerede kulta areal.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

006/20: Byggesak GBNR 110/38 Raknes Nedre - Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak utan ansvarsrett - Riving eksisterande naust- oppføring nytt naust med kai, flytebrygge og støttemur

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 til oppføring og av rivning av eksisterande og oppføring nytt naust med kai, flytebrygge på gnr. 110 bnr 38, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det vert ikkje gjeve dispensasjon fordelene delen av tiltaket som er kalla fiskebrygge.

Her ser ein at omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i

lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

27.11.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Marit A. Jensen, MDG, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

AVRØYSTING - synfaring

Framlegget vart samrøystes vedteke

Rådmannen gjorde merksam på sakshandsamingsfristen.

Utvalsleiar gjorde framlegg om nødvendig forlenging av sakshandsamingsfristen for gjennomføring av synfaring: Sakshandsamingsfristen vert forlenga til 31.01.2020. Vedtaket vert gjort i medhald av byggesaksforskrifta § 7-4, bokstav a.

AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PL - 093/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring. Av omsyn til gjennomføring av synfaringa vert sakshandsamingsfristen forlenga til 31.01.19. Vedtaket vert gjort i medhald av byggesaksforskrifta § 7-4, bokstav a.

22.01.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde synfaring for utvalet før handsaming av saka i møtet.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke (1H,1AP,1SP,1MDG,1FRP)

PL - 006/20 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 til oppføring og av rivning av eksisterande og oppføring nytt naust med kai, flytebrygge på gnr. 110 bnr 38, jf. plan- og

bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klart større enn ulempene.

Det vert ikkje gjeve dispensasjon fordelene delen av tiltaket som er kalla fiskebrygge.

Her ser ein at omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

007/20: Byggesak GBNR 139/1 og 31 Røskeland - Søknad om tillatelse til tiltak - Riving av eksisterende garasje, oppføring av ny garasje, 2 natursteinsmurer

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunen gjev delvis dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 til oppføring av mur og ny garasje på gnr. 139 bnr. 31, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett for mur og ny garasje på gbnr 139/31 på Røskeland.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon for desse tiltaka klart større enn ulempene.

Når det gjeld omsøkte mur i elv finn ein at omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett, då her er sett krav i høve til tiltak i elv i KPA. Her finn ein etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene, det vert ikkje gjeve dispensasjon for dette tiltaket.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av mur og ny garasje på gnr. 139 bnr. 31 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan vedlagd søknad med heimel i plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.

2. **Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

27.11.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: Saka vert utsett for synfaring."

AVRØYSTING - synfaring

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen gjorde merksam på sakshandsamingsfristen og bad om vedtak på forlenga frist for gjennomføring av synfaring.

Utvalsleiar gjorde framlegg om nødvendig forlenging av sakshandsamingsfristen for gjennomføring av synfaring: Sakshandsamingsfristen vert forlenga til 31.01.2020. Vedtaket vert gjort i medhald av byggesaksforskrifta § 7-4, bokstav a."

AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PL - 096/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring. Av omsyn til gjennomføring av synfaringa vert sakshandsamingsfristen forlenga til 31.01.2020. Vedtaket vert gjort i medhald av byggesaksforskrifta § 7-4, bokstav a."

22.01.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde synfaring for utvalet før handsaming av saka i møtet.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg som fellesframlegg frå utvalet: "Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 til oppføring av mur, ny garasje og mur i elv på gnr. 139 bnr. 31, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av mur og ny garasje på gnr. 139 bnr. 31 på følgjande vilkår:

Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan vedlagd søknad med heimel i plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.

Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Det vert og gjeve dispensasjon frå KPA føresegn 1.17, jfr. plan- og bygningslova § 19-2, til reparasjon/oppsetjing av ny mur langs elva. Det vert sett som vilkår at breidde og tverrsnittet av elveløpet ikkje vert smalare enn idag, samt at det vert utarbeidd ei fagleg (hydraulisk) vurdering av tiltaket ved byggesøknad.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett for mur, mur i elv og ny garasje på gbnr 139/31 på Røskeland.

Når det gjeld mur i elv, er det per idag ein eksisterande mur der som er i ferd med å rase ut. Denne er av ei slik forfatning at det er naudsynt med å få denne reparert. Deler av strekninga er idag usikra, og det er tydeleg spor av erosjon langs deler av denne. Utvalet vurderer at så lenge elveløpet sitt tverrsnitt og breidde ikkje minkar, vil tiltaket gje ein meir lineær vasstraum som sikrar at flaum ikkje vaskar ut langs elvekanten.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon for desse tiltaka klårt større enn ulempene."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	0 røyster
Fellesframlegget	-	samrøystes (1H,1AP,1SP,1MDG,1FRP)

PL - 007/20 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 til oppføring av mur, ny garasje og mur i elv på gnr. 139 bnr. 31, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av mur og ny garasje på gnr. 139 bnr. 31 på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan vedlagd søknad med heimel i plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.**
- 2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

Det vert og gjeve dispensasjon frå KPA føresegn 1.17, jfr. plan- og bygningslova § 19-2, til reparasjon/oppsetjing av ny mur langs elva. Det vert sett som vilkår at breidde og tverrsnittet av elveløpet ikkje vert smalare enn idag, samt at det vert utarbeidd ei fagleg (hydraulisk) vurdering av tiltaket ved byggesøknad.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett for mur, mur i elv og ny garasje på gbnr 139/31 på Røskeland.

Når det gjeld mur i elv, er det per idag ein eksisterande mur der som er i ferd med å rase ut. Denne

er av ei slik forfatning at det er naudsynt med å få denne reparert. Deler av strekninga er idag usikra, og det er tydeleg spor av erosjon langs deler av denne. Utvalet vurderer at så lenge elveløpet sitt tverrsnitt og breidde ikkje minkar, vil tiltaket gje ein meir lineer vasstraum som sikrar at flaum ikkje vaskar ut langs elvekanten.

Etter ei samla vurdering er fordelten med å gje dispensasjon for desse tiltaka klårt større enn ulempene."

008/20: 135/4 - Rundhovde - Klage på avslag om deling av grunneigedom etter jordlova

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Klage motteke 15.08.2019 vert ikkje teke til fylgje, administrativt vedtak 170/19 av 23.05.19 vert oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast. Sjå rådmannen sin vurdering.

22.01.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - vedteke med 4 røyster (1H,1AP,1SP,1MDG)
mot 1 røyst (1FRP)

PL - 008/20 VEDTAK:

"Klage motteke 15.08.2019 vert ikkje teke til fylgje, administrativt vedtak 170/19 av 23.05.19 vert oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast. Sjå rådmannen sin vurdering."

009/20: 146/55 - Reigstad Søndre - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 til oppretting av ny bustadtomt frå gnr. 146, bnr. 55, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

22.01.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke (1H,1AP,1SP,1MDG,1FRP)

PL - 009/20 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 til oppretting av ny bustadtomt frå gnr. 146, bnr. 55, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

Andre saker/spørsmål

Opplæring for utvalet/formannskapet

Sektorleiar viste til kontakt med Fylkesmannen om dette. Avtale med ca. to timar 12. februar før ordinært utvalsmøte. Formannskapet og parti som ikkje er representert i formannskapet eller utvalet vil bli inviterte. Fint med konkrete innspel/spørsmål i forkant. Frå fylkesmannen møter seksjonsleiar plan og bygg Eigil Hauge. Invitasjon til vil bli send ut.

KS-samfunnsplan

Sektorleiar orienterte om KS-prosjekt der Osterøy som ein av seks kommunar deltek. Prosjektet har fokus på korleis samfunnsplanen kan bli eit politisk styringsverktøy med betre samheng med økonomiplanen. Neste prosjektsamling er i mai og då vil også økonomisjefane delta.

Parallellt arbeider ein med å få lagt ut samfunnsplanen og kommunen sin planstrategi ut til høyring før sommarferien. Det er utarbeidd eit utkast til samfunnsplan og ein byggjer vidare på dette i arbeidet.

Kai i Lonevåg

Øyvind Litland, AP, tok opp spørsmål om kaien i Lonevåg, og kva avtalar som gjeld for bruk og disponering av kaien.

Sektorleiar viste til at kommunen merksam på saka. Kommunen er i kontakt med brukar av kaien om vilkår for leige m.v.

Bocciabane i Lonevåg sentrum

Øyvind Litland, AP, hadde spørsmål bruk av parkeringsareal til bocciabane, og kva som er bakgrunnen for dette.

Sektorleiar viste til at dette er eit midlertidig tiltak for å laga ein sosial møteplass i sentrum. Bana er ikkje plassert på parkeringsareal.

Utvalsleiar tok praksis for synfaring i saker. Han oppmoda om at temaet for synfaringa vert avklart før ein tek stode til synfaring i enkeltsaker.

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknytning til spørsmål og svar.

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart desse valde: Kjellaug Hartveit og Alf Terje Mortensen.

Lonevåg, 24.01.2020

Bente Skjerping
utvalssekretær

Aksel Mjøs
Utvallsleiar

Kjellaug Hartveit

Alf Terje Mortensen